



Hordabø Idrettslag  
Radøyvegen 2795  
5937 BØVÅGEN

Referanser:

Dykkar: Ref.:CQN6AZ- Skjemanr.:208  
Vår: 14/180 - 14/8740

Saksbehandlar:

Lisbeth Toppe Alvær  
lisbeth.alvaer@radoy.kommune.no

Dato:

20.08.2014

## Søknad om skjenkeløyve

Viser til søknad om skjenkeløyve for einskildhøve i samband med Bøvågen Familiefestival 22. - 24. august 2014. Det er søkt om skjenking for alkoholhaldig drikk under 22 % i samband med arrangement i Hordabøhallen (inkl. avgrensa uteområde knytt til hallen):

- fredag 22.08.14 kl 14.00 til laurdag 23.08.14 kl 02.00.
- laurdag 23.08.14 kl 21.00 til søndag 24.08.14 kl 02.00.

### Rådmannen har vurdert søknaden og gjort slikt vedtak:

Med heimel i alkohollova §§ 4-4 og 4-5 og kommunestyret si delegering av mynde til rådmannen, vert det gitt skjenkeløyve for einskildhøve for alkoholhaldig drikk under 22 % frå fredag 22.08.14 kl 14.00 til laurdag 23.08.14 kl 02.00 og laurdag 23.08.14 kl 21.00 til søndag 24.08.14 kl 02.00 i samband med konsert og dans i Hordabøhallen. Det er ikkje høve til å skjenke alkohol i tidsrommet det vert arrangert rusfri ungdomskonsert i hallen, i programmet angitt til tidsrommet 17.30-19.30.

Ansvarleg for løyvet er Frode Myking, Bøtjørnvegen 90, 5037 Bøvågen, f. 18.06.1974, med Ove Hamre, f. 28.08.1970 som avløyssar. Område for skjenking er i dette løyve avgrensa til inne i hallen og til det uteareal som er skissert på kart. Viser elles til "Lov om vern mot tobakksskader" med forskrift (Røykelova).

Radøy kommune føreset at naudsynt løyve frå politiet ligg føre. Aldersgrensa for kjøp av øl og vin er 18 år. For bruk av skjenkeløyve for einskildhøve skal det i dette tilfelle betalast kr 7 000,-. Salsoppgåve for øl og vin skal sendast Radøy kommune.

Med helsing

Lisbeth Toppe Alvær  
kommunalsjef drift og forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**  
Hordabø Idrettslag

Radøyvegen 2795 5937

BØVÅGEN